

Iskald utrekning

Gjer dette eksperimentet for å undersøke kva som skjer når is smeltar.

AV TERJE STENSTAD | PUBLISERT 11. SEP. 2013 | OPPDATERT 14. APR. 2020

Illustrasjon av utføring av eksperimentet Iskald utrekning

Illustrasjon: Melkeveien designkontor

Du treng:

- Litermål i metall eller silikon
- Vatn

Slik gjer du:

1. Fyll 1/3 liter vatn i litermålet. Set det i frysaaren over natta
2. Ta litermålet ut av frysaaren, snu det opp ned og hell varmt vatn over botnen slik at isklumpen dett ut.
3. Fyll ein del vatn oppi målet og slepp isklumpen oppi.
4. Etterfyll med vatn slik at det når øvste merke i målet. Noko av isen ligg høgare enn vassnivået.
5. La isen smelte i romtemperatur. Kva trur du skjer?

Kva skjer?

Vi kan bruke eksperimentet til å tenkje oss kva som skjer dersom all isen i Arktis smeltar.

Eksperimentet viser at havnivået ikkje kjem til å stige sjølv om havisen smeltar. Når vatn fryser til is, utvidar det seg og tek m plass enn flytande vatn. Når isen smeltar, held vatnet seg på same nivå som før.

Kvifor er det dumt at isen i Arktis smeltar?

I 2012 ble det målt mindre havis i Arktis enn nokon gong tidlegare. Det er langt frå problemfritt. Til dømes er fleire dyr avhengige av havisen for å overleve. Isbjørnane får mindre område å leve på. Sel, sjøfugl og bitte små organismar som lev iskanten vil også få problem med å overleve.

Det er ikkje berre havisen som smeltar i Arktis. På land ligg det innlandsis og isbrear. Desse minkar litt for litt. Smeltevatne isbreane renner ut i havet, og får havnivået til å auke. Kanskje du klarer å lage eit eksperiment som viser korleis det skjer?

REALFAG FYSIKK EKSPERIMENT

Meldinger ved utskriftstidspunkt 14. mars 2025, kl. 16.25 CET

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.